



# ***Surnadal Idrettslag***

***Postboks 1  
6656 Surnadal***

## **Protokoll frå styremøte i Surnadal IL**

Tid: Måndag 27. april 2015 kl. 19.00-20.30.  
Stad: Syltøran  
Referent: Øystein Hjelle Bondhus

Til stades: Svein Dalen  
Arne Øie  
Einar Bergheim  
Stian Faksnes  
Arne Berset (for Ellbjørg Haugen Larsen)  
Øystein Hjelle Bondhus

Forfall: Ola Mogstad, Ellbjørg Haugen Larsen, Vidar Ulvestad, Erling Fiske.

### **Sakliste:**

#### **Sak 12/15 Godkjenning av referat frå styremøtet 26. mars**

Referatet er godkjent.

#### **Sak 13/15 Oppfølging av årsmøtet**

- Møte med revisor

Det vart gjennomført møte med revisor måndag 27.4.

Dei tre hovudpunkta i revisor si tilbakemelding til årsmøtet vart gjennomgått.

På møtet vart det diskutert ytterlegare eitt punkt, i tillegg til dei tre hovudpunkta frå revisor si tilbakemelding, nemleg momsbetaling på sponsoravtaler og arenareklame.

Styret ønskjer eit møte hausten 2015 der økonomiansvarlege i gruppene kan møtast og få same informasjon.

#### **Sak 14/15 Sponsorstatus**

Status for sponsorar og klubbklede vart gjennomgått.

Alle hovudsponsorar er klare:

Alpint: Consto  
Allidrett: Svorka  
Handball: Gjensidige



# **Surnadal Idrettslag**

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

Fotball: Amfi  
Langrenn: Pipelife

Dette blir annonsert på ein felles pressekonferanse med hovudsponsorane så fort vi får koordinert med alle fem.

Allidretten skal ha eit møte for å fordele ein del midlar seg i mellom.

Bestillingskjema på klubbklede til gruppene kjem i nærmaste framtid.

## **Sak 15/15 Mobilreturordningen 2015**

Surnadal IL skal delta i Mobilreturordninga 2015, som sikrar SIL 30 kroner per mobiltelefon idrettslaget klarar å samle inn.

Det vart debattert korleis vi skal gjennomføre aksjonen reint praktisk.

- Vedtak:**
1. SIL gjennomfører aksjonen i løpet av ei intensiv veke etter at skulen startar på att i august.
  2. Pengane skal samlast inn til hovudlaget, så vurderer styret i etterkant korleis pengane vi får inn skal fordelast.
  3. Før aksjonen går vi ut i media slik at folk veit at vi kjem.

## **Sak 16/15 Søknad om tilskot til bygdemobilisering til treårig prosjekt**

Surnadal kommune foreslår å søke om tilskot til bygdemobilisering på vegne av Surnadal IL. Dette er eit treårig prosjekt, som går på inkludering og det å sørge for at bygda skal vere ein attraktiv buplass. Totalt kan vi få 100 000 kroner per år i tre år, og totalsummen på 300 000 kan vere maks 50% av totalramma for prosjektet – dei andre 50% må vere eigeninnsats, som mellom anna husleige, møtekostnader, dugnadstimar og dagleg leiar si arbeidstid.

Merknader frå styret:

- Vi kan styrke/utvide allereie eksisterande tilbod, og på denne måten engasjere fleire grupper i lokalsamfunnet; flyktningar, arbeidsinnvandrarar og folk som av ulike årsaker fell utanfor idrettsmiljøet utan litt drahjelp.
- Dette kan sjåast som eit viktig prosjekt i SIL si relasjonsbygging til Surnadal kommune, og kjem inn under omdømmebygging av SIL som ei inkluderande kraft i lokalsamfunnet.
- Vi kan ha rulling mellom gruppene, der alle tek ein periode med overordna ansvar i løpet av året.
- Vi kan arrangere kurskveldar med lavterskeltilbod.

- Vedtak:** *Styret er svært positive til tiltaket, og ønskjer å søke om tilskot.*



# ***Surnadal Idrettslag***

***Postboks 1  
6656 Surnadal***

## **Sak 17/15 Orienteringssaker**

- Godkjenningsrutiner for referat/protokoll frå styremøter.

Det vart informert om nye rutiner, i lys av vedtak på årsmøtet og førre styremøte.

- Status tilbakebetaling av lån på smørehall på Nordmarka.

Det vart informert om status på tilbakebetaling av lån, og det skal og informerast på styremøte i langrennsgruppa.

## **Sak 18/15 Open post**

### **Fordeling av halltider**

Styret ønskjer å sjekke om det er muleg å få fordelinga av halltider frå Surnadal kommune litt tidlegare enn før, samt finne ut kva planar kommunen har for styrkerommet i Surnadal Idrettshall. Vi vil følgje opp desse to tinga overfor kommunen.